



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1971

Navnet på vatnet Stiklevatnet og Søre Brekkevatn
Kommune Karmøy

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

S T I K L E V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 13. september 1971.

Vatnet ligg i Karmøy kommune, med Stiklevarde i vest og Tømmervikvatnet i aust.

På grunn av mange vikar og nes, holmar og skjær er arealet noko vanskeleg å fastslå, men om vi seier ca 40 ha. skulle det ikkje vera så langt av vegen.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det vil dreia seg om ca. 12-15 m på dei djupa stadene.

Stranda består for det meste av stein der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjørmebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Då vatnet er regulert, er der ingen vegetasjon å finna i vatnet eller strandsona.

Nedslagsfeltet femner om snaumark, litt kulturskog og snau-fjell. Her veks mykje røslong.

Hovudbergartene ser ut til å vera granitt.

Nokre store tilsig har ikkje Stiklene, men fleire mindre bekketilsig er å finna ymse stader.

Avlaupet renn ut i nord og går til Brekkevatnet m.fl.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 3.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.9 som er ideelt for aure og langt betre enn det ein skulle venta å finna.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.3 mg/l og den totale hardheita 5.0 mg/l. Vatnet må karakteriserast som kalkfattig, men likevel bra i høve til mange andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 66.5 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom fram til fylgjande resultat.

På 2.0 m vart det funne 4 muslingar og 11 fjærmygglarver tilsaman 150 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 1 igle, 1 fjærmygglarve og 1 musling, tilsaman 30 individ pr. m^2 .

På 10,0 m vart det funne 3 fjærmygglarver og 1 musling - i alt 40 individ pr. m².

Samla resultat syner at der er lite med botndyr i vatnet.


For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne stingsild, buksvømmere og bythotrepes longimanus.

Planktonprøver.


Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, stingsild og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 10 aurar. Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Ein tok prøver av alle fiskane og av desse var der 5 hofiskar og 5 hanfiskar - så det høvde bra.

4 fiskar var røde, 3 lys-røde og 3 kvite i kjøttet.

5 fiskar var angripne av måkemark.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for fisken i Stiklevatnet vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.


	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.9	10.2	15.9	21.3	29.1	33.9
Årleg lengdetilvekst i cm	4.9	6.3	5.7	5.4	7.8	4.8
Antall fiskar	10	10	10	10	7	2

Medel kondisjonsfaktor = 1.18 tilseier særst feitt og fin fisk.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Stiklevatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr.år).

Som vi her vil sjå, syner fisken stort sett ein mykje god lengdetilvekst og ved 6 års alder ligg den vesentleg over normalkurven. Som bakgrunn for ein slik vekstkurve skulle vi hatt ca. 25-30 fiskar, så prøvematerialet vårt er noko tynt, men vi må likevel kunne slutte at veksten er mykje god.

Nokon vegetasjon i samband med kjønnsmogning og gyting gjer seg ikkje gjeldande. 3 av fiskane hadde ikkje gytt tidlegare og 2 av dei ville heller ikkje ha kome til å gytt i år.



Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilheva i dag ligg vel tilrette for fiskeproduksjon i Stiklevatnet og vidare at vatnet si produksjonsemna ikkje ser ut til å vera fullt utnytta. Då vatnet er regulert, vil det ikkje tåle noko stort fiskebestand.

Vasskvaliteten er god, sjølv om det var i det minste laget med botndyr å finna. Dette heng då saman med reguleringa. Når vassstanden blir heva og senka, vil storparten av næringsdyra ikkje kunne fylgje med og går til grunne. Nå er ikkje reguleringa så stor i Stiklene og det er jo ei føremun. Det blir på områda frå 0 m. og ned til 2.0 m at næringsdyrproduksjonen blir vesentleg tilbakesett men dette er ofte dei mest verdfulle områda.

Ser vi på omfar og cm-inndelinga syner desse at fleire årgangar og storleiker er å finna.

Kondisjonsfaktoren er særst god og det same kan seiast om vekstkurven. Det er såleis fleire ting som talar for at næringsforrådet ikkje er fullt utnytta og at vatnet ville tåle eit noko større fiskebestand enn det har i dag, utan at dette ville gå ut over kvaliteten.

Gytetilhøva ser ut til å vera dårlege, så det er sikkert vanskeleg om fisken sjølv vil kunne formere seg og sørge for ei tilfredstillande rekruttering. Mest truleg er det at ein må basere seg på settefisk og det har både føremuner og bakdeler.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at der årleg blir sett ut 200 - 250 settefisk og då gjerne frå overbefolka vatn i nærleiken. Søre Brekkevatnet har eit fiskebestand som er i største laget, så dette vatnet ligg lageleg til i så måte.

Vidare var halvparten av prøvefiskane våre angripne av måke-mark, så det er viktig at ein alltid grev slo og anna fiskeavfall forsvarleg ned, slik at korkje husdyr (katt) eller fugl får tak i dette.

Stiklevatnet er litt av ei perle for sportsfiskarar, så alt må gjerast for å halde fiskebestandet ved like. Det er i det heile eit greit og oversikteleg vatn, så kanskje med litt garnfiske av og til, vil ein kunne føre fiskebestandet på det nivå ein sjølv ynskjer.

Der er vel lite som kan gjerast når det gjeld å betre gyttelhøva for fiske. På grunn av blåsande ver, når analysen vart foreteken, vart ikkje gyttelhøva granska så godt som ynskjeleg. Kan ein nokon stad betre desse ved tilføring av grus og sand m.v. så må sjølv sagt dette gjerast.

Elles skulle der ikkje vera så mykje meir å foreslå her. Vatnet ligg lageleg til, og med sine mange smådyller over alt, så er det sikkert ikkje få som vil like å prøvefiskelukka nettopp i Stiklevatnet.

Stavanger 21/2 1972

Einar Berg